

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.02.2018

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kari Gåsemyr, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjonen innan beredskap på fylkesveggar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at kommunar vert teke med som relevante aktørar for Hordaland fylkeskommune å samarbeide med når det gjeld transportberedskap. Dette gjeld m.a. i føremålet med prosjektet og i problemstilling 4 b.

Punkt 5 i forslag til vedtak vert endra til: Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.

Med desse endringane i føremålet, problemstilling 4 b og punkt 5 i vedtaket vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 26.02.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.